



Flinke fotballgutar på Eidfjord Cup.

G-14-laget til Rosendal/Uskedal deltar i helga på Eidfjord Cup. Laget har som kjent vore suverene i serien, og dei har gått gjennom vårsesongen med berre singlar og solid målforskjel. I Eidfjord Cup håpar dei på god matching. Dei starta med god innsats i dag, og held fram med fleire kampar i morgon og søndag.

Laget hadde to kampar i dag. I første kampen vann dei 4-1 over Bulken, og det vert rapportert at alle dei 4 frå Uskedalen bidrog godt i kampen.

I andre kampen i kveld møtte dei finalemotstandaren frå i fjor, Hovding. Det vert meldt om ein jamn kamp der gutane jobba godt, men trenerteamet sin taktikk heldt dessverre ikkje heilt inn. Dermed enda det med eit knepent 0-1-tap.

Neste kamp er lørdag kl.10.00 og då satsar gutane på å komme sterkt tilbake. Det vert spennande å følgje med! Det er i alle fall sikkert at det er utviklande for spelarane å delta i cup`ar som dette.

Dei 4 uskedelingane på laget er Martin Y. Røssland, Karsten A. Haugland, Emil B. Berntsen og Sondre S. Myklebust.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Ivar Gundersen